

Fra: Ole Vegard Skauge (Ole.Vegard.Skauge@hfk.no)

Sendt: 11.01.2016 13:17:25

Til: 'Vindedal, Kristi'

Kopi:

Emne: SV: Kulturhistorisek landskap

Vedlegg: image001.png;image002.gif

Hei, Kristi.

Godt nytt år!

Eg var ute i ein husegrunn, er inne att no og har ringt nokre gonger tilbake.

I prioriteringsbrevet frå Riksantikvaren er KULA trekt fram, og dette har vi lagt inn i sak om *Prioriteringar for kulturminneåret 2016*, som vi legg fram for politikarane i følgjande møte:

KIRU (Kultur, Idrett, Ressurs og Utvikling) – møtedato 19.1.16

FT (Fylkestinget) – møtedato 29.1.16

I forprosjektet var vi 3 her som arbeidde med prosjektet; Tore Slinning(arkeolog), Eva Kathrine Taule(plan) og eg(nyare tid). Framover veit vi at Eva ikkje kan være med oss vidare i arbeidet, ho har fått nytt ansvar. Eg kan høyre med dei om andre frå regional har liknande kompetanse. Frå Kultur er Tore og eg klare for vidare arbeid, og vi er rigga til å gjere endringar i kart. (Trur vi, det er til dels eit kart-teknisk spørsmål, men Tore meinte det skulle gå bra.)

Grenseendringane er vi klare for å arbeide med, men ikkje i gang med. 1.veka etter nyttår var ikkje så produktiv når det gjeld substans...

Vi bør ringast i morgon og snakke litt om kalenderen framover, møte med kommunar og slikt, så vi kan kome i gong.

Med helsing,

Ole Vegard Skauge

Spesialrådgjevar

Kultur- og idrettsavdelinga | Fylkeskonservatoren



Tlf: 55 37 80 57

www.hordaland.no

Fra: Vindedal, Kristi [mailto:kristi.vindedal@ra.no]

Sendt: 11. januar 2016 10:41

Til: Ole Vegard Skauge

Emne: Kulturhistorisek landskap

Hei Ole Vegard.

Godt nyttår!

Eg prøvde å ringe deg for å ta opp tråden frå før jul om KULA. Eg lurar på om de har konkludert om korleis de vil ta KULA til KURE og FU?

+ grenseendringane

Kan du ringe meg?

helsing

Kristi Vindedal

Seniorrådgjevar

Riksantikvaren

Samfunnsavdelinga
Seksjon for arealplanlegging
Tlf. + 982 02 846
www.ra.no

